




KVINNHERAD KOMMUNE  
Rosendalsvegen 10  
5470 ROSENDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Fredrik Arnesen, 5557 2155

## Uttale - reguleringsplan - endring - forenkla prosess - Kvinnherad 163/1 m.fl. - MOWI Øyarhamn - 201200010

Vi viser til brev frå Kvinnherad kommune av 05.03.2025. Saka gjeld uttale til endring av reguleringsplan for Akvakulturanlegg Øyarhamn etter forenkla prosess, jamfør pbl. § 12-14.

Føremålet med endringa er å leggje til rette for utviding av kaianlegg for å sikre tilstrekkeleg djupne for brønnbåtar, og avsetje naudsynt fyllingsfot i sjø og opne for sjøvasspumpestasjonar. I tillegg er eksisterande småbåtanlegg utvida, slik at det kan etablerast båtplass for tilsette som bruker båt som transportmiddel til akvakulturanlegget. Det er også lagt inn byggegrense mot sjø for utbyggingsføremåla.



Figur 6 - Utsnitt som viser gjeldande plankart (øvt) og endringsforslaget (nedst)



Detaljreguleringsplan for MOWI Øyarhamn med PlanID: 2006002 vart vedteken i 2012, og er meir enn 10 år gamal. Vi viser i denne samanheng til plan- og bygningslova § 12-4 femte ledd:

*«Er bygge- og anleggstiltak som hjemles i plan fremmet med bakgrunn i privat reguleringsforslag etter § 12-11, ikke satt i gang senest ti år etter at planen er vedtatt, skal kommunen før avgjørelse av byggesøknad for nye utbyggingsområder etter planen, påse at planen i nødvendig grad er oppdatert. Tiltakshaver er ansvarlig for å skaffe nødvendige opplysninger og dokumentasjon for kommunens vurdering»*

Jamfør Prop.121L (2013-2014) har kommunen ei plikt til å vurdere, avklare og dokumentere at ein gjeldande detaljregulering basert på eit privat reguleringsforslag er eit forsvarleg og aktuelt grunnlag for ny utbygging, når den er ti år gamal eller meir. Kommunen skal når det kjem inn søknad om ny utbygging i område med slike planar, vurdere om planen avklarar aktuelle offentlege og private interesser, er oppdatert i høve til dei stadlege forhold, nye arealpolitiske føringar og held eit forsvarleg planfagleg kvalitetsnivå.

Kommunen må difor sjå til at planen i naudsynt grad er oppdatert og har eit forsvarleg fagleg kvalitetsnivå før den eventuelt vert lagt til grunn for ny utbygging.

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Fredrik Arnesen  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*